

Årsmelding for Bjordal & Ortnevik sokneråd 2022

Desse sat i soknerådet i 2022 :

Sissel Sørebø, leiar, diakonikontakt og Kirkens Nødhjelp-kontakt

Joar Oppedal, nestleiar

Alf Magnar Svartemyr, Ingunn Østerbø, Kenneth Førde, Åge Østerbø, vara Jon Nesheim og geistleg representant Karl Hjelmeland og Geir Sørebø

Sissel Sørebø og Kenneth Førde representerte soknet i Høyanger kyrkjelege fellesråd.

Personlege vara er Alf M. Svartemyr og Ingunn Østerbø.

Liv-Gunnbjørg Søreide er soknerådet sin kasserar. Ho har ei lita godtgjersle frå fellesrådet.

Personalsituasjonen :

Sokneprest : Karl Hjelmeland / Geir Sørebø

Prost: Knut Magne Nesse

Kantor: Gerda Otterstein

Kyrkjeverje: Bjørnar Otterstein

Sekretær kyrkjekontor: Katarina Vattekar

Kyrkjetenar: Bjordal Norvald Bjordal / Joar Oppedal vikar frå juni

Ortnevik Joar Oppedal

Klokkar i Bjordal og Ortnevik

og sekretær for soknerådet: Ann Iren Østerbø

Gudstenester:

Det har vore 21 gudstenester i soknet. 1 meir enn i 2021 .

I alt var det 754 frammøtte (65 fleire enn året før) og 88 nattverdsgjester (48 fleire enn for 2021)

6 av gudstenestene var familie- og barnegudstenester.

2 julaftangudstenester.

Det har vore friluftsgudsteneste på Sørebø (50), friluftsgudsteneste på Sande (37) og hausstakkefest på Massnes (60)

Kyrkjevertar har vore Sølvi Gunn Kalstad, Mari- Ann Lund Fridtun, Liv - Gunnbjørg Søreide, Sissel Sørebø, Gerd Brekke og Gunvor Hommedal.

Elles har det vore 0 vigsler, 4 barnedåp og 6 gravferder.

Ved ofringar og gåver for mat kom det inn kr 54.913,- inkl. vippes og offer (kr 18.974,- meir enn i 2021).

Av dette kr 8.196,- til eige arbeid.

Ved Kirkens Nødhjelps fasteaksjon kom det inn kr 10.859,- på bøsser og kr 5.650,- registrert på vippes for Bjordal og Ortnevik sokn.

Soknerådet v/leiar og kasserar har fått ansvaret for gåvekontoane til kyrkjene.

Det står kr 62.931,- på konto til Ortnevik kyrkje og kr 10.499,- på Bjordal kyrkje sin konto.

Det har vore 6 andaktar på Sørsida Bygdetun v/sokneprest

Trusopplæring /barn og unge:

Bjordal & Ortnevik sokn har godkjent trusopplæringsplan.

Camilla M. Ådland, Mari-Ann L. Fridtun, Sissel Sørebø og Ann Iren Østerbø har vore med i trusopplæringsutvalet for Bjordal og Ortnevik. Dei har hatt tre møter. Toril Lange sluttet som kyrkjelydspedagog v/nyttår 2021, men var med på eit planleggingsmøte i januar for å hjelpe med å vidareføre trusopplæringstiltaka. I tillegg var ho med på konfirmantundervisninga saman med Karl fram til konfirmasjonane i mai. Camilla har teke på seg nokre av oppgåvene til kyrkjelydspedagogen dette året, då det ikkje lukkast å tilsette ny.

I 2022 har vi hatt desse tiltaka :

- 8. februar var det T- klubb på Sørebø for 2.-6. klasse med tema skaparverket – 4 barn + Camilla, Sissel, Mari-Ann og Ann Iren
- 22. mars var det T- klubb på Sørebø for 2.- 6. kl. med tema påske - 4 barn + Camilla, Sissel, Mari- Ann og Ann I.
- 22. nov. var det adventverkstad på Sørebø for 1.-7. klasse - 5 born + Mari-Ann, Sissel, Thea E. og Ann I.

Det er no så få barn i målgruppa at vi prøver å legge til rette for at alle som har lyst, kan få vere med.
Samlingane er tysdagar rett etter skuletid.

Alle er sjølvsgaqt velkomne sjølv om familien ikkje er medlem i Den norske kyrkja.

I tillegg har det vore:

- Ei familiesamling for store og små i Ortnevik kyrkje i mai – 8 barn og 11 vaksne.
- Eit musikalsk opplegg for barn i Lavik.
- Ei lita gruppe barn song på friluftsgudstenesta på Sørebø og på hausttakkefesten på Massnes.

Det vart delt ut to Mi kyrkjebok 4, ei Mi kyrkjebok 6 og 2 biblar til konfirmantane på Massnes.

Soknerådet subsidierer alle leirar på Alværa med kr. 200,- pr. barn frå soknet vårt.

Kenneth Førde har samla unge vaksne til brettspelaktivitet åtte gonger.

Konfirmantar:

Våren 2022: 5 konfirmantar.

Konfirmantane var med på konfirmanthelg på Alværa.

I løpet av vinter/ vår var det 4 samlingar på Sørebø i tillegg til ei øving til konfirmasjonen.

Konfirmantane gjekk med bøsser i samband med fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.

Samtalegudstenesta var i Ortnevik kyrkje 3. april

Konfirmasjonsgudstenesta var 22. mai i begge kyrkjene v/Karl og Toril.

Ansvarleg for konfirmantundervisninga var Karl Hjelmeland og Toril Lange.

Hausten 2022: 2 konfirmantar.

Konfirmantane vart presenterte på gudsteneste i Bjordal 21. august.

Dei har delteke på hausttakkefesten på Massnes, helgemesse og lysmesse i Bjordal kyrkje.

I tillegg har det vore :

- Kick –off konfirmantsamling på Alværa
- 1 konfirmantsamling på Sørebø v/vikarprest
- Konfirmantsamling for heile prostiet i Gauharhallen

- Andakt på Bygdetunet saman med vikarprest
- Førebuing til lysmesse i Bjordal kyrkje

Konfirmantane brukar læreboka: Delta – konfLogg

Soknerådsarbeid elles:

Soknerådet har hatt 5 møte, og handsama 49 saker og 32 meldingssaker. Takk til Dagny Bjordal for bruk av Gamlebanken.

Aktivitetar i året som gjekk:

- 2 hyggestunder på Bygdetunet med ulike tema, andakt, dikt, song /trekkspelmusikk og mat. Diakonikontakt Sissel Sørebø hadde ansvar for samlingane i samarbeid med andre. Takk til Olav B. Bjordal som stiller opp med trekkspellet sitt.
- Årsmøte for soknet var i Bjordal kyrkje etter gudstenesta 27. februar. Takk til Liv-Gunnbjørg for utført kasserarjobb og Mari-Ann L. Fridtun som er soknerådet sin revisor.
- Det er no installert automatisk klokkerking i Bjordal kyrkje på nyttårsaftan frå kl. 17-18. Dette var ynskje frå kyrkjetenar Norvald Bjordal som tok opp saka, sidan det har vore tradisjon å ringe med kyrkjeklokkene denne dagen kanskje heilt sidan kyrkja vart bygd.
- 13. mars var det klokkerking i 7 min. for situasjonen/ krigen i Ukraina i begge kyrkjene; dette var felles for heile landet. 4 offer vart samla inn i kyrkjene til katastofehjelp på til saman kr 11. 040,-
- Soknerådet samarbeidde med konfirmantar og foreldre om fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.
- I Bjordal og Ortnevik var det dugnad på kyrkjegarden. I Ikjefjord såg Ingunn til at alt såg greitt ut etter vinteren.
- På gravplassen i Ikjefjord er det no påkopla vasslange frå byggefelt i nærleiken, som skal gje stabil vanntilførsel. Dette var viktig for bygda.
- Sidan det ikkje var oppsett gudsteneste i Ortnevik i påska, arrangerte soknerådet ei påskesamling på skjærtorsdag. Her vart det song, bibeltekstar og musikk v/ Anders Brekke. Ein gjennomgang av påskedramaet frå palmesøndag til skjærtorsdag.
- Soknerådet såg positivt på konsert med Kyrkjebø skule og ungdomskorps som tok turen til kyrkja i Ortnevik ein vårdag i april.
- Konfirmantane fekk blomster og jubileumshefte om kyrkja si frå kyrkjelyden på konfirmasjonsdagen.
- Karl Hjelmeland fekk avskjedsgåve/ bok frå kyrkjelyden, då han hadde den siste gudstenesta på Sørsida 26. juni.
- I skuleferien var det open kyrkje i Ortnevik kvar måndag frå kl. 20- 21.
- Soknerådet har invitert til 2 kyrkjelydskveldar. Tema var truvedkjenninga / dei tre trusartiklane; og kva dei betyr for oss i dag, innleia v/ Geir S. i tillegg til kveldsmat, song og samtalar. Den siste av serien på 3 kveldar kjem på nyåret. Takk til Osland Havbruk for lån av lokale på Osland Brygge.
- Det er viktig at alle har skyss til arrangement. Takk til dei som fyller opp bilane sine.
- Spesielt takk til dei som har namnet sitt på ringeliste : Alf Magnar, Mari- Ann, Ann Iren, Roald J. og Arne/ Ingunn Ø.
- Soknerådet har bidrige med ulikt stoff til kyrkjelydsbladet Helgestunder. Sissel er soknet sin representant i redaksjonsnemnda. Sidan det har vore utfordring med distribusjon med Posten, har Ingunn og Arne teke på seg å køyre blada rundt i Ikjefjord.
- Det har vore tilbod om enkel kyrkjekaffi for dei som ynskjer det, etter ein del gudstenester. I tillegg var det middag på hausstakkefesten på Massnes.
- Soknerådet drøfta og laga forslag til utlysingstekst til soknepreststillinga i Lavik og Bjordal/Ortnevik og kyrkjetenarstilling i Bjordal. Begge stillingane står enno ledige. Geir har vikariert som sokneprest og Joar som kyrkjetenar delar av året.
- Soknerådet har vedteke offerformål, og saman med sokneprest drøfta gudstenesteplan og konfirmantopplegg.
- Vi har tidlegare vedteke ein kyrkjemusikalsk plan, og noko er også gjennomført dette året. To personar reiser

til Lavik på øving i kyrkjekoret leia av kantor.

- Soknerådet drøfta kyrkjevalet 2023 og vedtok å endre tal faste medlemmer frå 6 til 4, i tillegg til 3 varamedlemmer. Soknerådet blir nominasjonskomite.
- Soknerådet arrangerte ein flott og stemningsfull julekonsert i Ortnevik kyrkje i desember; der 75 personar møtte. Lavik kantori, Knut Henning Litsheim og fleire dyktige lokale utøvarar var med.
- Geir Sørebø har kvar veke lagt ut god helg andaktar/ tankar til søndagens tekst på nett (www.worshippinginthenature.com).

Misjonsprosjekt

Soknerådet held fram med samarbeidsavtale med NMS om prosjekt i Mali.

Soknet har ei NMS-misjonsforeining, Bjordal misjonslag, den årlege adventssamlinga på Sørsida Bygdetun i desember måtte avlystast grunna covid.

I «Bønnens hus» i Ortnevik har arbeidet gått sin gang med tidebøner og forbøn. Takk til Ole og Camilla, Thea Elisabeth og John Eivind.

Vi takkar prestane Geir Sørebø og Karl Hjelmeland for godt samarbeid.

Takk til Audun Systad og Andreas Ester som også har hatt gudstenester, Gerda Otterstein, Anders Brekke, Elena Søreide for solosong på julafatn, og alle dei andre aktørane på julekonserten.

Takk elles til alle som på ulike måtar har bidrege – det er av stor verdi.